

Lindås kommune v/ordfører
Kvernhusmyrane 20,
5914 Isdalstø

25.10.2015

Tillegg til
SØKNAD OM STØNAD OG GARANTI FOR UTARBEIDING AV BYGDEBOK FOR
ALVERSUND, dagsett 16. februar 2015.

Me er kjende med at søknaden vil verta vurdert i samband med utarbeiding av budsjett/
økonomiplan for Lindås kommune no i haust og ser at det kan vera greitt å koma inn med ei
litt meir utfyllande oversikt over økonomien i prosjektet.

I søknaden er det synt til at det ligg føre 3 hovudkjelder for bygdebokarbeidet. Tilsaman
utgjer desse fleire årsverk og vil vera av stor verdi i arbeidet. For å finna notidsverdien av
dette har me bede vår rådgjevar, Geir Kleiveland, vurdere denne. Det har han gjort slik
vedlegget syner og fastset dette til 2 årsverk. Dvs at skulle ein starta frå nytt og sjå bort frå
dette vil det måtta setjast av 2 årsverk for å koma opp på det utgangspunktet me har.

Sett inn i eit samla budsjett ser dette då slik ut:

Kostnader:

Utført innsamlingsarbeid til no	2,0 årsverk a`kr. 850.000.-	= kr. 1.700.000.-
Innsamling av oppdateringar/opprettingar og nyare persondata	1,0 årsverk a`kr. 400.000.-	= kr. 400.000.-
Innsamling av foto/redigering	0,5 årsverk a`kr. 500.000.-	= kr. 250.000.-
Redaktør	3,0 årsverk a`kr. 850.000.-	= kr. 2.550.000.-
Trykking av 2000 eksemplar		= <u>kr. 800.000.-</u>
Sum kostnader		= <u>kr. 5.700.000.-</u>

Finansiering:

Eigenandel frå lokalt arbeid med bygdeboka no og tidlegare	= kr. 2.350.000.-
Sal av bygdebok	= <u>kr. 800.000.-</u>
Sum eigenfinansiering	= kr. 3.150.000.-
<u>Trong for stønad frå Lindås kommune</u>	= <u>kr. 2.550.000.-</u>
<u>Sum finansiering</u>	= <u>kr. 5.700.000.-</u>

I tillegg kjem forskottering/garanti i høve sal av boka.

Vonar dette gjev eit klårare bilete av finansieringa av bokprosjektet der eigendelen, tidlegare
innsamla materiale og planlagt arbeid i regi av styringsgruppa m/medarbeidarar, utgjer over
50 % av samla kostnad med bygdeboka.

Styringsgruppa for bygdebok for Alversund.

Inge Alver	Lars Kvamme	Jostein Mykletun	Kåre Jordal
(s)	(s)	(s)	(s)

Vedlegg: Uttale frå Geir Kleiveland